



Møteprotokoll

Utval: SOGN REGIONRÅD

Møtestad: Kviknes Hotel, Balestrand

Møtedato: 04.12.2015

Tid: kl 0930-14:35

A. Disse møtte:

Faste medlemmar
Harald N. Offerdal, ordførar Balestrand kommune (leiar)
Noralv Distad, ordførar Aurland kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Jon Håkon Odd, ordførar Leikanger kommune
Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Jan Geir Solheim, ordførar Lærdal kommune
Jarle Aarvoll, ordførar Sogndal kommune
Olav Turvoll, ordførar Vik kommune
Arild Ingar Lægreid, ordførar Årdal kommune
Medlemmar
Odd Arve Rakstad, rådmann Leikanger kommune
Karina Nerland, dagleg leiar
Andre
Per Jørgen Loen, seniorrådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Jøril Hovland, styreleiar og Hallvard Thomassen, adm. direktør SIMAS
Stig Roar Hovland, styreleiar og Ragnhild Fjærestad, dagleg leiar Sogneprodukt

B. Ordførar Harald N. Offerdal ønskte velkomen til Balestrand

C. Innkalling godkjent utan merknader

D. Protokoll frå møtet 6.11.2015 godkjent utan merknader

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr. Tittel
26/15	14/2040 Kommunereforma
27/15	15/4044 Sognebåten - midlar til utgreiing
28/15	15/3374 Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn
29/15	15/3986 Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan
30/15	15/4045 Tiltaksplan for Sogn regionråd 2016
31/15	15/3987 Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd 2016
32/15	15/3140 Budsjett 2016 Sogn regionråd
33/15	15/717 Orienteringssaker i Sogn regionråd

Sak 26/15
Kommunereforma

Tilråding:

Rapporten om aktuelle kommunestrukturalternativ frå Telemarksforsking er god og grundig, og gir kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre og ber prosjektgruppa førebu felles informasjon til innbyggjarane og innbyggjarundersøking.

Sogn regionråd tilrår at kommunane startar arbeidet med intensjonsavtale med utgangspunkt i alternativ 2 og andre alternativ som kommunane vedtek.

Handsaming

Det kom følgjande framlegg til endringar:

Andre og tredje avsnitt:

«Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre.

Sogn regionråd tilrår at kommunane startar arbeidet med intensjonsavtale med utgangspunkt i alternativ 2».

Nye punkt:

«Møta i forhandlingsutvala blir 7.-8.1., 15.1., 20.1. og 1.2.2016.

Prosessleiar vert leigd inn for å bistå i møta med forhandlingsutvala.

Det blir undervegs teke stilling til felles innbyggjarundersøking og felles informasjonsavis.

Det må avklarast felles dag for folkerøysting, helst for heile fylket.»

Vedtak:

1. Rapporten om aktuelle kommunestrukturalternativ frå Telemarksforsking er god og grundig, og gir kommunane eit grunnlag for å ta stilling til ev. kommunesamanslåing.
2. Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen slik den ligg føre.
3. Sogn regionråd tilrår at kommunane startar arbeidet med intensjonsavtale med utgangspunkt i alternativ 2.
4. Møta i forhandlingsutvala blir 7.-8.1., 15.1., 20.1. og 1.2.2016.
5. Prosessleiar vert leigd inn for å bistå i møta med forhandlingsutvala.
6. Det blir undervegs teke stilling til felles innbyggjarundersøking og felles informasjonsavis.
7. Det må avklarast felles dag for folkerøysting, helst for heile fylket

Sak 27/15
Sognebåten - midlar til utgreiing

Tilråding:

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2016 til utgreiing av moglege endringar av Sognebåten.

Handsaming

Det kom følgjande framlegg til endringar:

Punkt 2 under område som bør utgreiast i saksutgreiinga blir endra til: «Etablering av Flåm som endestopp for *heilårsrute*, ev. november-mars».

Nytt punkt:

«Slinde som stopp skal også vurderast i utgreiinga».

Vedtak:

Sogn regionråd set av kr 120 000 av regionale utviklingsmidlar i 2016 til utgreiing av moglege endringar av Sognebåten.

Punkt 2 under område som bør utgreiast i saksutgreiinga blir endra til: «Etablering av Flåm som endestopp for heilårsrute, ev. november-mars».

Slinde som stopp skal også vurderast i utgreiinga.

Sak 28/15
Partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn slik den ligg føre.

Handsaming

Det kan kom endringar i avtalen i samband med handsaminga i fylkeskommunen.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek partnerskapsavtale for fleire læreplassar i Sogn slik den ligg føre.

Sak 29/15

Regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 - framdriftsplan

Tilråding:

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen for regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 slik den ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd godkjenner framdriftsplanen for regionalplan for Sogn regionråd 2017-2020 slik den ligg føre.

Sak 30/15

Tiltaksplan for Sogn regionråd 2016

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2016 slik den ligg føre.

Handsaming

Olav Turvoll kom med følgjande framlegg til endring til punkt om samferdsle:
"Kombinert pendlar- og skulebuss for Balestrand, Høyanger og *Vik*"

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek tiltaksplan for 2016 slik den ligg føre med endringa som kom i møtet.

Sak 31/15

Samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Sogn regionråd 2016

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2016 slik den ligg føre.

Handsaming:

Det kan kome endringar til avtalen etter handsaming hos fylkeskommunen.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek samarbeidsavtalen med Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2016 slik den ligg føre.

Sak 32/15
Budsjett 2016 Sogn regionråd

Tilråding:

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2016 slik det ligg føre.

Vedtak:

Sogn regionråd vedtek budsjettet for 2016 slik det ligg føre.

Sak 33/15
Orienteringssaker i Sogn regionråd

Orienteringar

1. Leiar
2. Innspel frå medlemane
 - Aust-vest sambandet: Framlegg til fråsegn vart omdelt i møtet. Rådet slutta seg til fråsegna
 - MR ved Lærdal sjukehus – notat av 3.12.2015 vart omdelt i møtet og rådet vart orientert om prosjektet
 - Lærlingar: aktuelt for RUP-gruppa å arbeida vidare med (t.d. temadag).
3. Arbeidsgruppene
4. Programstyret System for styrka læring
 - Evaluering av utviklingsprogrammet – nedsett ei arbeidsgruppe
5. Rådmannsgruppa
 - Regionalt partnerskapsmøte NAV
6. Administrasjonen
7. Fleire læreplassar i Sogn ved Per Jørgen Loen, Sogn og Fjordane fylkeskommune
8. Utviklingsprosjekt i SIMAS ved styreleiar Jøril Hovland og direktør Hallvard Thomassen
9. Prosess om tettare samarbeid/samanslåing – informasjon til eigarane i Sogneprodukt ved styreleiar Stig Roar Hovland og dagleg leiar Ragnhild Fjærestad. Notat vart omdelt i møtet. Sogneprodukt vurderer korleis vekst- og attføringsbedriftene kan organiserast.

Skriv og meldingar. Referert.

1. Vurdering av domstolstrukturen for tingrettar og jordskifteretta, brev av 29.10.2015
2. Svar frå Domstoladministrasjonen av 11.11.2015
3. Nordisk ministerråd – innleiing i konferansen «Entreprenørskab i grundskolen», 17.11.2015

Harald N. Offerdal
leiar

Ivar Kvalen

Jan Geir Solheim

Karina Nerland
dagleg leiar